



ULSTEIN  
NÆRINGSFORUM

# Årsrapport 2023



Bilete: Cecilie Hatløy

Året 2023 var eit aktivt og spennande år hos UNF! Vi arrangerte over tjue små og store events, representerte medlemma sine interesser inn mot politikerar og kommunaladminstrasjon regionalt såvel som lokalt, jobba regionalt og nasjonalt opp mot rekruttering, arrangerte og koordinerte medlemsaktivitetar, jobba strategisk med å rigge gode samarbeidsprosjekt for å utvikle reiselivsdestinasjonen Ulstein og representerte UNF sine medlem og interesser inn i fleire regionale fora. Vi marknadsførte både medlem og reiselivsdestinasjonen Ulsteinvik og rigga oss for den andre Ship Technology Days, som vi til slutt måtte skuve på datoен på slik at det ikkje vart i november 2023, men i februar 2024.

Vi har ligget stabilt på knapt under 100 medlem sidan oppstart. Gjennom året har nokre falt frå og nye har kommet til.

Etter å ha vore kun ein ansatt gjennom 2022 og delar av 2023, kunne vi hausten 2023 ansette ein prosjektleiar på eit trainee-forprosjekt, som vi søkte og fekk midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune til. Med ein til ansatt fekk vi tid til å følge medlem tettare opp, planlegge marknadstiltak og starte opp med nyheitsbrev.

I løpet av året utarbeida vi prosjektsisse og søkte midler til to fleirårige prosjekt i regi av UNF: eit 3-årig traineeprogram og ein 2-årig sentrumskoordinator, som skal jobbe med å få ein raud tråd i sentrumsutviklinga, gjennomsyra av berekraftig og sirkulær tankegong. I løpet av seinhausten fekk vi innvilga begge søknadene, og vil i løpet av våren 2024 ha starta opp begge prosjekta og ansatt to i 100%-stillingar i næringsforumet.

Med tre ansatte i 100% stilling har vi kapasitet og kraft til å gjere enda meir for næringslivet, jobbe med næringspolitikk og næringsstrategi, legge tilrette for tettare samarbeid på tvers i regionen og skape fleire møteplassar og meir aktivitet i Ulstein.

## Oversikt over UNFs aktivitetar i 2023

### **Leiarkonferansen**

Årets leiarkonferanse vart ein suksess med 130 deltakrar, 10 innleiarar og den aller fyrste Mørelouungen sponsa av Sparebanken Møre.

Den fjerde utgåva av Leiarkonferansen – med tittelen “Globale utfordringer – Lokale løysinger” hadde m.a. foredragshaldarar som Isabelle Ringnes, Inger Stensaker, Christian Pritchard, Trond Sundnes og Tom Høgli, og tok oss gjennom tema som mangfald, kunstig intelligens, berekraft og sirkulær økonomi, marknadsføring, leeing og leiarskap og korleis leie ei bedrift gjennom store endringer. Mørelouningen bydde på deilig tapas, drikke, mingling og musikk – i tillegg til eit intervju av den svenske herrehandballtrenaren Glenn Solberg. Leiarkonferansen gjekk i pluss og vi var så heldig å ha både gamle og nye sponsorar med oss.

## **Co-Work**

Vi avslutta forprosjektet Co-work som UNF har gjennomført i samarbeid med Skaparhuset. Gjennom forprosjektet har vi tileigna oss mykje kunnskap. slik har vi kartlagt potensielle brukarar sine behov, analysert kritiske faktorer for ein velfungerande Co-Work, det vere seg alt frå beliggenhet og fysiske fasiliteter til dedikert sosial tilrettelegging. Vi har utvikla ein grafisk profil og identitet, fått på plass ei arkitektteikna skisse der lokalet er tilpassa til ein mindre Co-Work i Skaparhuset. I tillegg har vi lagt til rette for ei utviding av lokalitetane i 2. etg. av Sjøgata 32, om forhaldane skulle ligge betre til rette for å gjennomføre ein Co-Work i framtida.

## **Trainee-prosjekt**

For å legge eit godt grunnlag for det pågåande Traineeprosjektet hadde vi frå juni til desember 2023 eit forprosjekt. Bakgrunnen for dette var å undersøke moglege løysingar til ei rekke problemstillingar - nemleg nedgåande folketal, aldrande befolkning, kvinneunderskot, og at unge vaksne som flyttar ut for å ta utdanning ofte ikkje kjem tilbake. Vi gjekk inn i forprosjektet med ei hypotese og eit ønske om å etablere eit traineeprogram på Søre Sunnmøre.

Forprosjektet ga oss fleire viktige erfaringar. Bedriftene melder eit tydeleg behov for meir rekruttering til regionen, samtidig som dei opplev eit kompetansegap blant arbeidssøkarar og at bedrifter ofte kannibaliserar kvarandre. Vidare melder potensielle tilflyttarar at det er vanskeleg å finne ein veg inn i arbeidsregionen og å sjå dei moglegheitene som finst her. Dette vitnar om at vi må utvikle historia om kven vi er på Søre Sunnmøre. Vi må fortelje ei inkluderande historie som gjer at fleire ser for seg eit liv i regionen. Denne historia skal formidle den unike skaparkrafa, nytenkinga og omstillingsevna vi har i regionen. Gjennom kontakt med studentar, samt unge vaksne på Bli med hit!-messa, er det tydeleg at unge nyutdanna først og fremst søker seg til traineeprogram. Dermed ser vi at dette er eit verktøy som svarar godt på problemstillingane i regionen. Erfaringane og kontaktane frå forprosjektet la

dermed eit godt grunnlag for traineeprogrammet på Søre Sunnmøre som startar opp frå hausten 2024.

## Bli Med Hit

Ulstein kommune og UNF gjekk saman om å promotere Ulstein på Bli Med Hit både i Oslo i april og i Trondheim i november. Vi samarbeida med Ulstein kommune i tillegg til næringsforuma i Volda, Herøy og Ørsta for rekrutteringsmessa i Oslo og dro saman med Ulstein kommune og ordføraren til Trondheim i november. I forkant av rekrutteringsmessene var det kjørt mykje reklame i SoMe opp mot potensielle deltakarar der m.a. Visit Ulstein-filmane vi har produsert vart vist fram. Det deltok over 400 deltakarar i Oslo og over 200 i Trondheim. Vi møtte mange unge som faktisk ønskjer å flytte heim til Ulsteinvik, men som ikkje tør bryte opp frå storbyen sidan dei er usikker på om det er jobb til dei på Søre Sunnmøre.

Vi opplevde det svært meiningsfullt å delta både i Oslo og Trondheim og planlegger eit felles tiltak for å promotere heile Søre Sunnmøre i 2024.

## Reiseliv

UNF har heilt sidan oppstarten fulgt opp reiselivssamarbeidet i Ulstein gjennom prosjektet Visit Ulstein og reiselivsprosjekta for først Ytre Søre Sunnmøre også Søre Sunnmøre, i regi av Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (DÅS). Gjennom 2023 har vi delteke på reiselivsmøtar i regi av DÅS, 2469 og Pål Medhus frå "Høve Støtt". Vi har jobba fram innspel til ein tydelagre reiselivsstrategi i kommunen, vi har samarbeida med NæSS og Hareid i å finne felles reiselivsprodukt for området, vi har invitert til innspelsmøte mellom reiselivet i Ulstein og DÅS og har jobba saman med medlem for mogleg produktutvikling. Vi jobbar opp mot DÅS med idrettsturisme og ei større marknadsføring av Ulsteinvik som handelsstad.

UNF jobbar vidare med å få inn ein kalender for alt som skjer i Ulstein på nettstaden Visit Ulstein. Vi ser også at begrepet "Visit Ulstein" har festa seg og skapar masse aktivitet på Facebook- og Instagramkontoane våre.

## NæSS

Samarbeidet vårt med Næringsforeiningane på Søre Sunnmøre (NæSS) er godt og vi har mange møtepunkt gjennom året for å få diskutere alt frå samarbeid til utfordringar og felles interesser. Vi har jobba med å støtte kvarandre i felles utsagn opp mot hurtigbåt, filminnspeling og flyruter

I 2023 dro fleira halve NæSS til Oslo for å representere Søre Sunnmøre saman på rekrutteringsmessa Bli Med Hit. Den felles satsinga var fyrsta av sitt slag og viste at

effekten av å dra i lag er mykje større enn når ein står aleine. Samarbeidet i 2023 resulterte i ei felles satsing på rekruttering og historieforteljing på Bli Med Hit i år.

I løpet av 2023 har også NæSS knytta eit sterkare fellesskap til Næringsforeningen i Ålesundsregionen og vore ein tydeleg stemme for Søre Sunnmøre sine interesser.

## Festivaløya

I samarbeid med Ulstein kommune, Hareid kommune og kulturlivet i begge kommunene var UNF deltagande i utviklinga av prosjektet og magasinet Festivaløya. UNF hadde rolle som koordinerar og sökte midlar til ei felles kompetanseheving blant alle aktørane. Vi kom ikkje gjennom hos fylket med søknaden i fyrste omgang, men Festivaløya vart produsert av Sytalaust og distribuert rundt på heile Søre Sunnmøre på sor-sommaren.

Samarbeidet under Festivaløya førte til at vi for fyrste gong fekk ei koordinering av dei felles festivalane og større aktivitetane som finn stad på Hareidlandet gjennom sommaren. I mai 2024 kommer den andre årgangen av Festivaløya.

## Julekalender

I år som i fjar hadde vi fullt fokus på handelsbyen Ulsteinvik i førjulstida. Gjennom heile desember fulgte vi Nissefar som besøkte våre flotte butikkar og kjente stadar rundt omkring i Ulstein. Julekalenderen har hatt ei veldig stor oppslutning på Facebook og mange medlem bidro raust med premiar til dei 24 lukene. Gjennom desember nådde UNF ut til over 9000 unike brukarar med julekalenderen vår, og fekk slik promotert det unike ved dei fantastiske medlemsbedriftene våre på ein koseleg og inspirerande måte.

## Julepark

i 2023 vart arbeidet med å kople alleen i Sjøgata på “juleparken” ved Skaparhuset i stand. Det vart gjort ein særskilt god avtale med Nordlys Design der UNF-medlem fekk kjøpe julelys med 30% rabatt. UNF benytta seg også av tilbodet og kjøpte inn så mange lys at vi no fekk lyssatt heile Sjøgata på sjøsida av vegen. Dette kombinert med ein fantastisk innsats frå Quality Hotel Ulstein, som lyssatt større delar av hotellet enn tidlegare, så skapte dette ein heilskapeleg og flott entré til Ulsteinvik! I år var ordførar og Ulstein kommune sin uteseksjon med på oppheng og nedrigg. I tillegg fekk vi fantastisk hjelp frå Mare Safety som stilte manns- og kvinnesterke opp for å hjelpe til med nedrigg av julelysa.

I 2024 vil vi jobbe vidare med å forløyse julegata som vi har sökt og fått innvilga pengar frå SBM og SMN for, og legge tilrette for fleire kontaktpunkt i sentrum, slik at

det blir lettare å henge opp lys og vi slik i fellesskap kan skape ein enda finare juleby!

## **Val 2023**

I samarbeid med NHO og Mafoss arrangerte UNF politikardebatt for Mørebenken og fylkestoppane på Ulstein bibliotek den 23. August. UNF og Mafoss delte på å intervju politikerane om korleis dei planlegg å bygge samfunn og jobbe for næringslivet på Søre Sunnmøre.

## **TV-aksjonen**

18. oktober deltok Ulstein Næringsforum saman med varaordførar Stian Skorgen Scheide og fleire representantar for næringsivet på ein felles ringedugnad for å samle inn pengar til årets TV-aksjon. Ringerunden tok vi på Skaparhuset og i løpet av dei timane vi ringte rundt opplev de vi stor givarglede frå næringslivet.  
Gjennom heile TV-aksjonsperioden donerte næringslivet i Ulstein tilsaman 90 875,- til årets TV-aksjon.

## **Frukostmøter**

I 2023 har vi hatt frukostmøter på tema som digitalisering og IT-sikkerheit, skatteutvalget og dets betydning for næringslivet, reiseliv, løypemelding for næringslivet og bærekraft. Vi har samarbeidd med fleire medlem om tema, og har nådd ut til over hundre deltakarar med relevant og viktig kompetanseheving.  
Frukostmøta tilbyr medlemma kunnskapspåfyll på tvers av næringslivet og det offentlege. Dei har vore fast på Skaparhuset og blitt akkompagnert av kaffi og lokale bakerivarar .

## **Medlemsmøter**

Vi har gjennom heile året hatt faste møter for handelsstanden, såkalt "Morrakaffi", der vi har tatt opp tema som er knytt til handel i sentrum og andre sentrumstiltak. Gjennom året flytta vi morrakaffien til Quality Hotel Ulstein, der dei har starta opp med felles frukost før vi har gått gjennom tema.

Vi har jamn oppslutning om morrakaffien og det er mellom 12 og 18 stk som møter opp kvar fyrste tysdag i måneden.

